

# Møtereferat

<b>Møte:</b>	Møte AU Midt	
<b>Tid/Sted:</b>	Tysdag 13.03.18 kl 19.30 – kl 22 på Radisson Blu Hotel Trondheim Airport på Værnes	
<b>Tilstede:</b>	Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Bård Tore Berntsen (vara AU småfe), Bente Roer og Roy Albertsen.	
<b>Forfall:</b>	Ragnar Valstad	
<b>Kopi til:</b>	Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg	
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger	Molde 13.03.18

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Oppsummering frå kretsmøta, og saker for vidare oppfølging</b> Runde om inntrykka frå kretsmøta: <ul style="list-style-type: none"><li>• Olav Håkon: Engasjerte og artige møter.</li><li>• Bente: Forundra over at det ikkje vart meir uro og kritikk. Inntransport prega open post. Konstruktive og gode innspel. Uttalen vedk kretsmøta vart godt tatt imot.</li><li>• Lars Morten: Opptur, stor aktivitet, gode spørsmål og debattar. Eigarorientert. Ganske mykje ungdom.</li></ul> <p>Brit Kari ga ei oppsummering av protokollane. Oppfølgingsrapporten vart også gjennomgått.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvalitetstilskotet nemnt i protokollen for Namsos/Fosnes, vart lova tilbakemelding.</li><li>• Ynskje om minikurs i WTO, handelsavtalar, m.m. på eit AU-møte.</li><li>• Bør vurdere om vi er nøydd å ha kretsmøter i vinterferien</li></ul> <p><b>Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.</b></p>	Brit Kari
2	<b>Førebuing av RU-møtet</b> Lars Morten gjekk gjennom køyreplanen.  <b>Vedtak: AU tek køyreplanen til orientering.</b>	
3	<b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b> Saka gjekk ut.	
4	<b>Førebuing av saker til årsmøtet 10. – 11. april</b> Årsmøtestart 10.04 med lunsj kl 12. Møte før årsmøtet kl 10 – kl 12 ?  <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sverre: Lønsame investeringar</li><li>• Trude: Veksten i antal ammekyr pr fylke, auke produksjonen i grovfördistrikta</li><li>• Korleis vert styre og adm oppfatta i saka om grossistdistribusjonen, knytt til uttalane frå kretsmøta</li><li>• Varierende kvalitet på norsk korn fører til kamp mellom produksjonane om dei beste kvalitetane – viktig med betre kvalitet</li><li>• Bård Tore: Skryte av det som har skjedd på sau/lam. Mogeleg å ta sau ut av mottakplikta og dermed ikkje råd å legge på reguleringslager, for å fremme tiltak?</li></ul>	

- Korleis bruke organisasjonen til påverknad av Nortura sin versjon av historia, i forkant?
- Lars Morten: Utviklinga av næringsmiddelindustrien

**Vedtak: AU vedtek møte før årsmøtet kl 10 – kl 12.**

---

**5 Oppsummering av fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukerlag**

Olav Håkon orienterte frå årsmøte i M&R Bondelag med spm om storfekjøttproduksjon. Kvar vi etablerer produksjonen er viktig tema framover.

Lars Morten har vore på årsmøte i Sør-Trøndelag Bondelag, der hovudtema var jordvern og pelsdyr.

Magne Riise i AU Vest møtte på årsmøtet i M&R Bonde- og småbrukarlag.

Ragnar skulle ha møtt på felles årsmøte for Nord- Tr lag og Sør Tr lag Bonde- og småbrukarlag, men fekk ikkje til å delta.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**6 Lønsame investeringar**

Vart tatt opp under sak 4.

---

**7 Tilbakemelding frå RU valkomité**

Lars Morten orienterte om tilbakemelding frå valkomitéen om at det bør jobbast meir nedover mot kretsane, meir fokus på drift og økonomi, samt eigarskifte og nye brukarar. Han stilte spørsmål om kva kan AU gjere annleis?

Spørsmål/kommentarar:

- Sverre har deltatt på alle møta i kretsutvala i sine ansvarskretsar, samt i kretsmøta
- Motivasjon er stikkord
- Involvering og informasjon til kretsutvala i oppfølginga av nye brukarar
- Ynskje om status økonomi for selskapet og anlegga i AU-møta

Brit Kari/  
Roy

**Vedtak: AU tek tilbakemelding til orientering.**

---

**8 Orientering frå Midtnorsk Landbruksråd**

Olav Håkon orienterte om at det vert jobba med å koble saman Landbruk 21 og Midtnorsk Landbruksråd. Politikarseminar vart avlyst pga for få påmelde i forhold til kostnaden. Årsmøte i byrjinga av juni i Molde. Tema er geografisk organisering av organisasjonane.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**9 Eventuelt**

- Bård-Tore: Kretsmøtegåve i FK var Gilde rødvinspølse, utan sau og lam.
- Kolbjørn: Innfraktilskot på kylling vert fremma mot jordbruksforhandlingane